

# **BEREDSKAPSPLAN**

**i**

**Jølster Kommune.**

**Vedlegg 6.5.3:**

**Plan for psykososial støttegruppe.**

## **Innhold:**

1.0 Generelt om støttegruppa: .....	3
1.1 Innkalling av gruppa: .....	3
1.2 Samansetjing av gruppa: .....	3
2.0 PSYKOSOSIAL STØTTE VED STØRRE ULUKKESITUASJON: .....	4
2.1 Utkalling:.....	4
2.2 I den akutte fasen.....	4
2.3 Tiltak etter den akutte fasen. ....	4
3.0 PSYKOSOSIAL STØTTE TIL PÅRØRANDE ETTER SJØLVMORD / MISTENKELEG DØDSFALL. ....	5
3.1 Utkalling:.....	5
3.2 Tiltak i akutt fase:.....	5
3.3 Støtteapparat i tida fram til gravferda: .....	5
3.4 Vidare oppfølging: .....	5
4.0 DØDSFALL BLANT BARN / UNGDOM: .....	6
4.1 Tiltak / arbeidsfordeling: .....	6
5.0 DØDSFALL OG ANDRE KRISER I HEIM OG FAMILIE.....	7
5.1 Situasjonar:.....	7
5.2 Utkalling:.....	7
5.3 Arbeidsdeling .....	7
5.4 Aktuelle dokument: .....	7
5.5 Gruppa si rolle:.....	7

BEREDSKAPSPLAN FOR JØLSTER KOMMUNE.  
VEDLEGG 6.5.3: PLAN FOR PSYKOSOSIAL STØTTEGRUPPE.

## 1.0 Generelt om støttegruppa:

Støttegruppa skal vera ei ressursgruppe i samband med større ulykker/kriser og ved dødsfall og kriser i heim og familie. Utanom kriseutkallingar møtest gruppa halvårleg for oppdatering. Det er ingen leiar i gruppa, men barnevernleiar koordinerer gruppa.

### 1.1 Innkalling av gruppa:

Kven som kallar inn gruppa vil avhenge av den aktuelle situasjon og framgår av planen. Koordinator orienterer Rådmann eller kommunalsjef helse og omsorg om tiltak som er iverksett og drøftar tiltak som vil krevje ekstra ressursar.

Kommunalsjef er psykososial støttegruppe sin kontaktperson, tlf. 57726103 / 41615102.

### 1.2 Samansetjing av gruppa:

Namn:	Telefon priv	Telefon arbeid Telefon mob
Barnevernleiar	57728271	57726154 90872612
Leiar for psykisk helsevern	57711111 57727311	99202682 93018475
Kommunelege 1		57726250 93465098
Lensmann	57727061	57726370 48220902
Leiande helsesøster	57728246	57726173 95840081
Prest	95136059	95136059
(Politivakt)		02800/112
AMK		57830120

Psykososialt team frå Helse Førde, Førde sentralsjukehus, vert om naudsynt tilkalla etter førespurnad frå krisegruppa.

### 1.3 Informasjon:

Gruppa har informasjonsplikt til rådmannen om tiltak som er iverksett både i akutfase og i ettertid i høve til brukarar og behov som har kome opp. Det er viktig at rådmann er informert om sakene gruppa er involverte i tilfelle sakene får etterspel.

Informasjon til media vert ivaretatt av kommuneadministrasjonen, eller andre i kraft av si stilling, om naudsynt.

### 1.4 Fullmakter:

Gruppa avklarar eventuelle større økonomiske disposisjonar med rådmannen.

## 2.0 PSYKOSOSIAL STØTTE VED STØRRE ULUKKESITUASJON:

### 2.1 Utkalling:

Liste over krisegruppa ligg på AMK, og dei varslar medlemene i prioritert rekkefylgje. Den som fyrst vert varsla kallar inn krisegruppa.

Denne lista er tilgjengeleg for alle i gruppa. Den aktuelle situasjonen vil vera med å styre kven som vert utkalla.

### 2.2 I den akutte fasen.

Ved større ulukker og/evt. kriser vert støttegruppa i Jølster heilt eller delvis involvert. Lege og politi er i særstilling, då dei er leiari av sanitet og skadestadleiar.

Oppgåver:

Vakthavande lege:

Har som primær oppgåve å redde liv. Sekundær oppgåve å yte støtte til dei involverte og pårørande.

Politi:

Leiari av skadestad og etterforsking. Mediahandsaming og koordnering av innsatsstyrker. Gje informasjon til dei involverte og pårørande.

Sosialeiari:

Koordinerer arbeidet i støttegruppa, og deltek i oppfølging etter hendinga

Helsesøster og psykiatrisk sjukepleiari:

Deltar i støttegruppa og deltek i oppfølginga etter hendinga.

Prest:

Gå med dødsbod, delta i støttegruppa og deltek i oppfølginga etter hendinga.

### 2.3 Tiltak etter den akutte fasen.

Oppgåver:

- Ein uformell gjennomgang i støttegruppa skal skje rett etter avslutta innsats.
- Orienter dei involverte og pårørande etter hendinga om kva som har skjedd.
- Informere om generelle reaksjonar etter hendinga.
- Gje tilbod om vidare støtte, og koordinera denne.

Lokalisering av samlingsstad etter ulukke:

Skei hotell, kommunehuset, misjonshuset, grendahus i Jølster, kyrkja/kyrkjesenter, skulane. Livsmeistringssenteret kan også vere aktuelt å nytte.

### **3.0 PSYKOSOSIAL STØTTE TIL PÅRØRANDE ETTER SJØLVMORD / MISTENKELEG DØDSFALL.**

#### **3.1 Utkalling:**

Melding om mistenkeleg dødsfall/sjølvmord går til vakthavande lege og politi.

#### **3.2 Tiltak i akutt fase:**

Politiet gjev melding til presten.

\* Melding til pårørende gjevast munnleg av prest i samarbeid med ein helsearbeidar og / eller politi.

\* Dersom dødsfallet skjer i heimen, og pårørende finn vedkommande, må ein syte for at prest / helsearbeidar raskt kan vere saman med dei.

#### **3.3 Støtteapparat i tida fram til gravferda:**

Samarbeid mellom:

- \* Prest
- \* Lege
- \* Psykiatrisk sjukepleiar
- \* evt. kontakt med, og støtte til skule og barnehage

#### **3.4 Vidare oppfølging:**

Støtte/oppfølging oftast nødvendig frå hjelpeapparatet i minst eit år (individuelle behov).

Støtteapparat:

- \* Fastlege
- \* Psykiatrisk sjukepleiar
- \* Helsesøster (barn/ungdom).

#### **4.0 DØDSFALL BLANT BARN / UNGDOM:**

Tiltak som skal følgjast ved dødsfall blant barn / ungdom:

##### **4.1 Utkalling:**

Melding om mistenkeleg dødsfall/sjølvmord går til vakthavande lege og politi.

##### **4.2 Tiltak i akutt fase:**

Politiet gjev melding til presten.

\* Melding til pårørande gjevast munnleg av prest i samarbeid med ein helsearbeidar og / eller politi.

\* Dersom dødsfallet skjer i heimen, og pårørande finn vedkommande, må ein syte for at prest / helsearbeidar raskt kan vere saman med dei.

##### **4.3 Støtteapparat i tida fram til gravferda:**

Samarbeid mellom:

\* Prest

\* Lege

\* Psykiatrisk sjukepleiar

\* evt kontakt med, og støtte til skule og barnehage

##### **4.4 Tiltak / arbeidsfordeling:**

Sørgje for samarbeid med pårørande.

Tilretteleggje for minnestund/møtestad for vener av avdøde.

Skule og barnehage har eigne handlingsplanar for uønska hendingar.

Kven gjer dette:

Prest og delar av støttegruppa i samarbeid med pårørande.

##### **4.5 Vidare oppfølging:**

Støtte/oppfølging oftast nødvendig frå hjelpeapparatet i minst eitt år (individuelle behov).

Støtteapparat:

\* Fastlege

\* Psykiatrisk sjukepleiar

\* Helsesøster (barn/ungdom).

## **5.0 DØDSFALL OG ANDRE KRISER I HEIM OG FAMILIE.**

### **5.1 Situasjonar:**

- Born døyr
- Foreldre døyr
- Venta / uventa dødsfall.
- Den usynlege sorga – døme: besteforeldre døyr, vener og familie som bur
- langt borte døyr, eldre ektepar – den eine døyr.
- Andre alvorlege hendingar i heim og familie t.d. endring av livssituasjon.

### **5.2 Utkalling:**

Melding om dødsfall/andre kriser i heim og familie går til vakhavande lege, politi eller vert fanga opp av helsestasjon, evt. skule. Aktuell faginstans vurderer utkalling av gruppa.

### **5.3 Arbeidsdeling**

Den / Dei som kjenner den ramma best er oftast den som kan gje den beste hjelpa.

### **5.4 Aktuelle dokument:**

Handlingsplanar i høve uførutsette hendingar i skule og barnehagar.

- Planer i den enkelte skule.
- Planer i den enkelte barnehage

Vener, familie, naboar er ofte dei som står nærast både i akuttsituasjonen og seinare.

### **5.5 Gruppa si rolle:**

Sikre at heimen, skulen, barnehagen, eleven, barnet, ungdomen, foreldre får hjelp og oppfølging.

Sikre at den som mister sine næraste ikkje vert sitjande aleine om sorga.

Støtte og bruke kvarandre i arbeidsfordeling og avklaring av situasjonar.

Akuttfasen:

- Støtte skule / barnehage i å gjere sine oppgåver – tilby hjelp.
- Støtte personalet i situasjonen og i vidare planlegging.
- Gruppa kan evt. ha ei koordinerande rolle.
- Aktivere aktuelle støttepersonar og / eller vere med og skape nettverk rundt den som har mista nokon.

Etterarbeidingsfasen:

- Etterarbeid / gjennomgang kan vere aktuelt i enkelte situasjonar t.d. ved dødsfall på skulen.
- Avklaring av arbeidsoppgåver mellom skule / barnehage, foreldre, psyk. krisegruppe.
- Samle skule og barnehagar sine erfaringar i handtering av ulike situasjonar / evaluere, for å lage gode planer vidare.